



Eskil Moen har hatt Schat Harding som arbeidsplass sidan han var 19.

**Han slår spontant fast at han er tilhengjar av ein liberalistisk filosofi og er liberalist inntil beinet, den nyvalte nestleieren i Framstegspartiet i Kvinnherad. Han heiter Eskil Moen, er berre 23 og no busett i Dimmelsvik.**

**Sjølv politiske motstandarar rosar han og viser til evner som samfunnskritikar og lesarbrevskrivar.**

Ettersom han har budd 6 år på Ljosnes vågar vi å kalla han uskedeling sjølv om han er fødd midt i Trondheim og også oppvaksen i trønderhovudstaden.

Men som den allereie røynde politiker han er, tek han eit taktisk atterhald: - Eg får vel helst kalla meg kvinnhering, så slepp eg å hamna i den evige diskusjonen om indre og ytre luten, seier han og viser oss til arbeidsplassen sin på Schat Harding. Der har han titel av IT-ingeniør sjølv om han ikkje er ingeniør.

Det einaste formelle han førebels har å slå i bordet med når det gjeld utdanning er allmennfag pluss fordjuping i realfag på videregående, men Eskild gjer det klart at han skal gå meir på skulen. Problemet er berre at han ikkje heilt veit når det vil skje fordi han ikkje heilt veit kva han vil og kva han skal bli.

Eskil starta i serviceavdelinga på Schat Harding allereie som 19-åring.

Men politisk har den storvokste karen (1,95!) lenge visst kva han vil. Valet hans av Framstegspartiet skjedde i 2006 og var eit resultat av skulevalet året før. Då la han partiprogramma ved sida av kvarandre og syntes best om Frp. Grunnen til det var framfor alt ideologisk forankring, med fridom for den einskilde og individet i sentrum som sentrale stikkord.

Eskil var slett ikkje arveleg belasta, for i familien er det full politisk spreieing med ein tendens til venstrevri.

No har han vore leiar av partiet sin ungdomsorganisasjon i Hordaland i eitt år og opplyser at medlemstalet er 338 og budsjettet 500 000 kroner.

-Også vi har ein grei auke, sjølv om vi framleis ligg langt etter AUF, seier Eskil.

I styret i lokallaget i Kvinnherad har han vore ungdomsrepresentant og medlemsansvarleg. Her er det no 130 medlemmer og veksten i 2010 har vore klart størst i Hordaland.

Eskil ser fram mot valet neste år med optimisme og melder at Ole Torbjørn Holmedal er utpeika som ordførarkandidat for partiet. Rett nok har ikkje nominasjonen gått føre seg, men Eskil akter i alle fall ikkje å utfordra den markante politikaren. Han kjenner heller ikkje til andre som vil gjera det.

-Og kva blir dei viktigaste sakene?

-Å bli kvitt eigedomsskatten og byggje opp ein effektiv kommune der vi får meir att for pengane.

TEKST OG FOTO: Ola Matti Mathisen